

# ARBEIDSARK 3

## MANUSKRIPT

Nå skal de skrive manuskript til grøssarscena dykkar.

Lag eit enkelt manuskript på **maksimalt 3 sider**, som inneheld **maksimalt 3 replikkar**. Ein replikk er ei setning eller eit ord som inngår i ein samtale, diskusjon eller liknande. Ein replikk kan ofte vere ein reaksjon på noko som skjer, for eksempel “Er det nokon der?”

Bruk arbeidsarket dykkar og første side i manuskriptet frå ‘I dare you’ til inspirasjon. De skal samle hovudperson, monster og lokasjon i ei scene.

De skal arbeide med spenningskurve i møtet mellom monster og hovudperson. De skal tenkje ut ei scene som kuliminerer med eit jump scare på lokasjonen dykkar.

### LA DYKK GJERNE INSPIRERE AV DENNE OPPSKRIFTA PÅ EIN GRØSSAR:

- *BYRJING*: Introduserer hovudpersonen, miljøet og location. Noko creepy byrjar å skje.
- *MIDTDEL*: *Det blir meir og meir uhyggjeleg, monstret dukkar opp. Det kjem fleire små sjokk opp mot eit klimaks, det det berre er utoleleg og uhyggjeleg.*
- *AVSLUTNING*: Korleis løysar hovudpersonen og monstret dette? Og korleis forsvinn monstret? Viss det då forsvinn ...

De skal òg planleggje korleis de vil arbeide med suspense, surprise, lyd og lys under opptaka. Les manuskripta dykkar høgt for klassen eller læraren dykkar.

Ha det morosamt!



#### TIPS OG IDEAR

#### LYTT TIL KRITIKK OG INNSPEL

- Kva var reaksjonane på presentasjonen dykkar av hovudperson og monster?
- Kva var reaksjonane på presentasjonen dykkar av replikkar og dialog?
- Kva var reaksjonane på presentasjonen dykkar av manuskriptet?
- Korleis vil de bruke dei tilbakemeldingane de har fått?

**VALFRI OPPGÅVE:**

Viss de har tid kan de lage eit storyboard som skildrar scena.

Eit storyboard er ein teikna versjon av scena dykkar, som viser korleis de gjerne vil at filmopptaket dykkar skal sjå ut. Det er ein veldig god arbeidsreiskap når de skal ut og gjere opptak.



**VALFRI OPPGÅVE:**

Viss de har tid kan de òg tenkje på korleis de vil framstille monstret dykkar filmisk.

Er det nokre særlege perspektiv, måtar å skjære biletet på, lys, lyd etc. som kan byggje opp under karakteristikken av monstret?

